

## Val av medlemmer til generalforsamlinga i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Org nr: 996 124 789

**Er du kunde i SpareBank 1 SR-Bank ASA og har bustadadresse i Kvinnherad kommune, kan du vera med å velja medlemmer til generalforsamlinga i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad.**

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad vart skipa i samband med samanslåinga av Kvinnherad Sparebank og SpareBank 1 SR-Bank 1. november 2010 for at dei verdiane som er bygde opp i Kvinnherad Sparebank skal bli att i og verta forvalta av området. Samla kapital ved skipinga var 350 000 000 kroner. Stiftinga skal støtta SpareBank 1 SR-Bank ASA i å vidareføra sparebanktradisjonane og skal løysa ut positiv aktivitet i lokalsamfunna gjennom utdeling av midlar til ålmennyttige føremål. SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad eig i dag 6 526 583 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA, og er med dette ein av dei største eigarane i banken. Hovudinntektskjelda for stiftinga er utbyte frå desse aksjane.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad sine styrande organ er generalforsamling og styre. Generalforsamlinga har 15 medlemmer og 5 varamedlemmer

I år skal kundane velja 4 medlemmer og 5 varamedlemmer til generalforsamlinga. Eit medlem vert vald for 4 år, varamedlem for 1 år. Liste med namn på noverande medlemmer og varamedlemmer og kven som er på val er å finna på [www.kvinnheradstiftinga.no](http://www.kvinnheradstiftinga.no)

Berre dei som siste 6 månadane har hatt bustadadresse i Kvinnherad kommune og i same tidsrom har hatt innskot større enn 2.500 kroner i SpareBank 1 SR-Bank ASA kan veljast, stemma ved valet, eller koma med framlegg på kandidatar. Ingen kan i valmøtet gje meir enn si eiga stemme.

Valet vert førebudd og gjennomført av valkomitéen til stiftinga. Leiar av valkomitéen er Arne Langeland, Rustene 15, 5460 Husnes. telefon: 951 21 295, e-post: [arne.langeland22@gmail.com](mailto:arne.langeland22@gmail.com)

Framlegg på kandidatar til valet må sendast skriftleg (e-post eller brev) til valkomiteen v/leiar seinast 7 dagar før valet. Framlegget skal innehalda namn, adresse og fødselsdato på den som sender framlegget, og namn, adresse, fødselsdato og yrke til kandidaten.

Valkomitéeen innstiller på forslag til kandidatar og set opp prioritert valliste som vert lagt fram på valmøtet.

### **Valmøtet vil i år finna stad:**

Onsdag 17. april 2024 kl. 18.00

SpareBank 1 SR-bank sine lokaler, Bogsnesevegen 3A, 5460 Husnes

Arne Langeland  
Leiar av valkomitéen